Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7 — Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Voss

Emne: Skav — Bygdelag: Bordalen

Oppskr. av: Olav Rognabakka — Gard: Lirvole

(adresse): Kyrpen — G.nr. 202 Br.nr. 4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja, det meste.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Har høyrt raskefor, men det er visst mest om blomfor (brigmefor) og slikt. Elles har ein ikkje nytta noko sommanne her.

2. Har ikkje høyrt nokor sommanne for desse forslaga. Morke er osp, rauen og hegg. Det var omlag berre osp me skav. ~~Lite bruka no~~.

3 (skava - pres. eg - du - han skjevi - me - de - dei skava. impf. I skov - me skovi - har skave)

Dei store kubbane - morkakubba - korpa ein fyrst med øks ell. bandakniv. (Ein tok av det ytste harde laget - korpen.) Greinene hogg ein opp i passande lengder - omlag ei alen. Det kalla ein småmork. Båe slag kunne ein så ta inn i stova eller flora og skava om kvelden. Elles vart dei store morkakubbane ofte lagde i sagekrakken og skavne ute. Småmorki vart skavne på bandekrakken med ein bandakniv eller ofte berre eit ljåsbrot med ei filla om.)

4. Ja. Skav. Båe til kyr, sauer og geiter. Har høyrt ordet grag om sprake og feerbar ein gjev til sau og geit. Kanskje det er komme frå Sogn med sogningar som har flutt hit her.

2854

Før fekk brista eit mål for dagen med brit eller skav. Var det Jonsmånd, brûka ein meir og dertil lyng.

5. Her er ei gamal regla om dette:

Alm gjev röyna föda,
Osp gjev god kost
Ask gjev kyra rask.
Hegg set merg i legg.
Hatl gjer beinarate
Seljo svelte
og vieren velte.

Kyrne mjölka godt av skav, meinte dei gamle. Almen jorta kyrne godt av men ikkje av andre slag, sa dei.
Ein skjav ikkje borkar.
Ask, hegg, raun osp er best.

6. Skjovlar er all småmork som er skaven. Denne veden vart ofte brûka når dei baka.

7. Sjå 5.

8. Ja, heile buskapen utan hesten fekk skav. Fekk skavet utskilt.
Orreskav har ikkje vore brûka.

9. Ein fekk feitare mjölk. Folt fin farge på smöret, av ospeskav. Det synte på ljomen når kyrne fekk ospeskav.

10-11. Ein riste eins etter markovd. — riste i markaskog. — riste etter mork.

Skjovleden vart og skoren. Men var det bjørk el. orr, vart ikkje skavet brûka.

12. Mork.

13. Nei.

14. Ein henta heim mork om vinteren.

(Om hausten lava ein (samla lav.)

2854

Klomose vart brûka til folkemat. Ein baka bröd og laga brista av den. Det vart rekna for god mat.
Dobbelt så mange leivar av klomose som av ...

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

15. Dei store kubbane vart oftast skovne ute i tunet. Ein la dei ofte i sagekrakken. Småvirki vart skovne i stova eller floren

16. Dei store kubbane korpa ein fyrst med bandakniv eller øks :- (skov det harde ytste laget av.) Sidan skov ein med bandakniven. Ein bunde skova tunt og fint.

Småvirki skov ein på bandakrakk eller skavekrakk. Det var det same, men båe namn vart bruka.



Bandakrakk



Bandakniv.



~~Skav~~ Skavekniv har handtak berre i eine enden. Vart og bruka til bandakniv. Men den vanlege bandekniven har to handtak.
Ein bruka skavekniv som var laga til dette. Elles bruka ein ofte berre eit ljåsbrot med ei fille om kring.

17. Til hesjevidene bruka dei ei skrukklemma på vedhusveggen. Elles bruka ein oftast sagekrakken.

Skavekrakken var ein vanleg firkanta krakk. Elles var det hol i stovekrakken framfor bordet til skavepinnen.
Ofte kunne dei nok sine stader bruka ein snugjastolpe til skavepinne. Ein kunne og halda skavekniven inn til ovnen.

18. Ikkji kjend her.

19. Ein held skavekniven roleg når det er småvirk og fører kjeppen mot seg under kniven.

20. Ein skjevling - en - pl. a - ane.

21. Skav n. et. i skavblokka



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

22. Stor tre og tunne skjeppor.
Smånorte - 50-60 cm. long.
både · pl. skjolå og ~~skjolana~~ skjolına
23. Har høyrt: Ei skjola og ein skjoling - pl.-ar. Det siste vanleg.
Skavekubb om grovare kubbar og skjolingar
om slike som ikkje trengst kløyvast - slike
som er skorne på skavekrakk.
Dei tjukke kubbane kallar ein stangar.
Før dei er kvista opp til alnaved - skavastangar
24. Skavet skal vera tunt - mjukt, fine blokker.
Ask og alm ~~kan~~ ikkje nøl å skava
utan noko av veden fylgjer med.
Det var ein kunst å skava fort og fint.
Det skulle mykje øving til. Rauna og ospe er best å skava.
25. Serleg til bakstbord.
26. Noko vart det nno nytta. Men det vart
mindre etterkvart som det minkar
med arbeidshjelp på gardane.

2854

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING